Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2 | Fylke: Hedmark | 13

Tilleggsspørsmålnr. 1 - 6 | Herad: Folga

Emne: Höjkjöring | Bygdelag: Vingelen

Oppskr. av: Eystein Eggen | Gard: Fremmermoen

(adresse): Vingelen | G.nr. 7 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A & B.

Eg er 60 år, handelsmann i Ålen, no bu̇sett i heimbygda Vingelen

Det meste av tilfanget er henta etter samtale med Esten O. Moen, alder 75 år, bu̇stad Fremmermoen i Vingelen.

Heimelsmannen min har vore med på kjøring frå utslått og heimeslått frå han vart vaksen.

Han er u̇varleg minnegløgg.
Av yrke har han våre husbonds-dreng på Fremmermoen i over 50 år og har medaljen for lang og tru tenest.

2

1

Driftsmåter med lessing og kjöring av höy har vore eins for både större og mindre bruk i Vingelen.
No er det slutt med all slått i utmarka. Dei större bruka slutta kring 1915. Bureisarar og småbönder dreiv på til 1925–1930.
Dei som ingen hest hadde fekk höyet heim ved hjelp av dugnad eller dr~~o~~ning. Elles var det få som dreiv med markeslått utan å ha eigen hest.

2

Gamalt attende og heilt frå bygda vart buset av bönder, vart höyet raka saman i små haugar og kjemma (ei kjemme). Mennene kjemma ihop så mykje dei orka å bera. Dei löfta kjemma på nakken ved hjelp av ei sterk rive. Dei bar kjemma fram til ein slede som dei kalla drag (eit). Det var fire trestavar som boga seg opp i ~~båe ender~~ i framenden. Meiene var utan skorning.
Til å halda fast höyet millom dei to kakkane, brukte dei vidjeband, seinare reip. Det var som oftast vegmeier på draget. Det var så godt, jamnt lende i utslåttane at dei hadde ikkje bruk for andre reidskap enn rive og drag. Hesten og kjöraren greide resten. Draget var omlag 2 1/2 m langt og opptil meteren ~~langt~~ breidt. Det kunde ta opptil 20–



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

30 kjemmer i vendinga, og det reikna ein for halvt vinterlass.

3

Markhöyet vart kjörd heim på vinterföre. Til dette vart brukt ein vomsleg slede med jarnskorning under. Gamvalt og til ikring 1850 var skoningen laga av yta på furua som dei kalla tårvå (ein) Den vanlige måten å lessa på heldt seg til det vart slutt med markslåtten. Dei laga buslass på den måten at dei hogg med hövelege buskar av björk. Dei brukte jamnast 9 slike buskar. Först la dei 2 – ei på kvar vegmei. Det var brogna dei kalla. Ho skulde halda fast på höyet under kjöring mot tuver og stuv.

På kvar side av lasset la dei tri buskar, og to ovanpå. Frampå og attpå sleden var det reip som dei batt buskane til höyet med. Langsetter ovanpå lasset nytta dei to trekrokar som dei kalla tū'ū (ei) Under tū'ūkrokane la dei to höveleg putar av höy som dei kalla tū'ūtappan. Dei batt vidjer i kyngar frampå sledebrettet som gjekk gjenom hol i endene på tū'ūkrokane. Vidjene rakk bak på slåhåklån, og her ströyspte dei til. „Du ska lesse som du både ha löye og stöle, og bette ska du så de song ti viom!" hermer ordtöket.




NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

4

Til höjberginga heime på garden brukte dei tohjula langvogn om sumaren, og vanleg jarnstangslede (gl. tånå skoring) på vinterföre. På vogna var det kakkar som dei slo med under tomkjöring og reiste opp for lessing.
Millom kakkane var det ei trekloft. Det var höjtonga som batt höjet ned.
I toppen på henne var det ein pinne og ein reipstubb festa til framkakken. Pinnen smatt ut når ein löjste tonga frå kakken og festa henne att når ein batt. Nedst i åpninga på klöfta var det en kavl, og frå denne gjekk reipet til kakken bak.



Höjtong

På sleden var det lause grindar eller skrenger (eit.) Skrengna vart sett opp under lessinga, og det vart brukt höjtong millom kakkane med reip på sidene. Desse reidskapane for heimkjöringa er i bruk enno.
I gamle dagar nytta ein drag i stelle for vogn. No er det mange som brukar skrengn (ei korg med stavar i) på langvogna og kastar höjet oppi med höjgaffel. Tonga er dermed ute av bruk. Til höjkjöring har det vore brukt berre ein hest for lasset.

5

Under samslått vart höjet frakta



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

heim samstundes av dei som hadde lott i det. Dei delte det i lass etter som kvar eigar hadde grunnrett eller ~~arbeidet~~ arbeidsyting. Inkje av höyet vart etla att. Siste lasset kunde vera stort eller lite etter som hövet råkte.
Dei som var slåttegrannar fylgdest åt. Tida for heimkjöringa vart fastsett etter som vér og före vart. Dei trakka veg over vatn og myrer når det fraus til. Dei samtalast om slikt föreåt.

6

Sjå under 4 om transporten av höy frå utmarka. Dei gamle kjövarane reiste som regel heimanfrå midnattsleite.
Dei hadde klokker (stallbjelle) på hestane, meisar med kvilfór i, og dei var godt kledde i vadmål med sauskinnspelsar (muddar) utanpå. Dei tröyta seg med song. Det råkte ofte at ein mann hadde tri hestar å halde styr på. Dei kom att middagsleita og la seg tidleg for å vera oppe att i rett tid.
Dei bruke å kvile på etter som föret var, og helst millom kvar halvmil.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY